



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgssenter
Dato:	26.01.2012
Tid:	15:00


Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**Orientering: Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap v/Korseberg
Romsdalsmuseet v/Sanden**

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 12/1	Underskrift	
PS 12/2	Godkjenning av protokoll	
PS 12/3	Referatsaker Open post	
PS 12/4	Gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker	2011/535
PS 12/5	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid for tilsyn i byggesaker	2011/406
PS 12/6	Klagebehandling på eigengodkjenninga av "Reguleringsplan Midsund Sentrum" K - sak 11/64 av 01.09.2011	2006/78
PS 12/7	Utgreiing om barnehagedrift - Nord-Heggdal barnehage	2011/626
PS 12/8	Kommunal garanti lån - Tøndergård skole og ressurscenter (ettersendast)	2012/22
PS 12/9	Delfinansiering av Romsdalsmuseet sitt nye utstillings- og magasinbygg (ettersendast)	2009/175
PS 12/10	Val av styrer, råd og utval 2011 – 2015 (ettersendast)	2011/475

Midsund, 18.01.2012


Einar Øien
ordfører


Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 12/1 Underskrift

PS 12/2 Godkjenning av protokoll



Saksframlegg

Gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker

Utvalsak	Utval	Møtedato
12/3	Formannskapet	16.01.2012
12/4	Kommunestyret	26.01.2012

Forslag til vedtak:

Forslag til satsar for behandling av søknader om konsesjon etter konsesjonsloven, og søknad om delingssamtykke etter jordlova vert vedteke slik dei ligg føre.

Konsesjonssaker: enkle/kurante saker kr. 2000,- andre saker kr. 4000,-
Delingssaker: enkle/kurante saker kr. 750,- andre saker kr. 1500,-

Gebyra skal innarbeidast i gebyrregulativet for byggjesaksbehandling.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 16.01.2012

Forslag til satsar for behandling av søknader om konsesjon etter konsesjonsloven, og søknad om delingssamtykke etter jordlova vert vedteke slik dei ligg føre.

Konsesjonssaker: enkle/kurante saker kr. 2000,- andre saker kr. 4000,-
Delingssaker: enkle/kurante saker kr. 750,- andre saker kr. 1500,-

Gebyra skal innarbeidast i gebyrregulativet for byggjesaksbehandling.

Saksutgreiing:

Statens landbruksforvaltning (SLF) har fastsett ny gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker, gjeldande frå 1.1.2012. I forskrifta står det at det skal betalast gebyr for behandling av søknader om konsesjon etter konsesjonsloven, og søknad om delingssamttykke etter jordlova.

Det er fastsett maksimalsatsar for begge sakstypane; kr. 5000 for behandling av konsesjonssøknader og kr. 2000 for behandling av delingssøknader etter jordlova. Kommunen står fritt til å fastsette ein lavare sats. Det kan fastsettast ein generell sats, eller gradert sats – ein for enkle/kurante saker og ein for vanlige saker. Dersom kommunen ikkje fastsett eigne satsar, er det maksimalsatsane som gjeld.

Fram til 31.12.2011 har gebyret for behandling av søknad om deling etter jordlova § 12 vore kr 750. For behandling av saker etter konsesjonsloven av 2003 har det vore betalt 3 promille av den første millionen av gebyrpliktig beløp (kjøpesum eller leigesum), og 2 promille av det overskytande beløp. Gebyret har vore avgrensa til å ligge mellom 750 og 15 000 kroner.

Vurdering:

Rådmannen ønskjer ikkje at maksimalsatsane skal gjelde i alle saker, men at satsane vert gradert etter omfang.

Rådmannen foreslår følgjande gebyr:

Konsesjonssaker:	enkle/kurante saker kr. 2000,-	andre saker kr. 4000,-
Delingssaker:	enkle/kurante saker kr. 750,-	andre saker kr. 1500,-

Rådmannen rår til at gebyra skal innarbeidast i gebyrregulativet for byggesaksbehandling, dette fordi gebyr for søknad om deling av grunneigedom etter plan- og bygningslova ligg under dette gebyrregulativet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Rådmannen vurderer at det er ønskjeleg med graderte satsar for at gebyret skal gjenspeile medgått tid til behandling av søknaden. Ut over dette ligg det til grunn eit mål om å få dekt inn alle kostnader i forslag til gebyrsatsar.

Kjetil Ugelvik
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Orienteringsbrev frå SLF, datert 14.12.2011
Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Teknisk, Økonomi



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/406-5
Arkiv: 026
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 10.01.2012

Saksframlegg

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid for tilsyn i byggesaker

Utvalsak	Utval	Møtedato
12/4	Formannskapet	16.01.2012
12/5	Kommunestyret	26.01.2012

Forslag til vedtak:

Avtale av 29.11.2011 om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Midsund kommune og Molde kommune vert godkjend. Avtalen gjeld utøving av tilsyn etter plan- og bygningsloven.

Rådmannen utfører delegasjon til administrasjonssjefen i Molde kommune i henhold til avtalen, jf. kommuneloven § 28b punkt 3.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 16.01.2012

Avtale av 29.11.2011 om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Midsund kommune og Molde kommune vert godkjend. Avtalen gjeld utøving av tilsyn etter plan- og bygningsloven.

Rådmannen utfører delegasjon til administrasjonssjefen i Molde kommune i henhold til avtalen, jf. kommuneloven § 28b punkt 3.

Saksutgreiing:

Alle kommuner innehar rollen som lokal bygningsmyndighet. Det inneber i korte trekk at kommunen har plikt til å behandle innkomne byggesaker, samt plikt til å føre tilsyn og følgje opp ulovlege tiltak. Det er ikkje sagt noko konkret i plan- og bygningsloven om kor mykje tilsyn som skal førast, og tilsynsomfanget vil derfor variere naturleg mellom små og store

kommuner. Men nokon krav er stilt, kommunene har bl.a. plikt til å føre tilsyn i et slikt omfang at regelbrudd kan oppdagast, ved gitte pålegg og når en blir oppmerksom på ulovligheter utover bagatellmessige forhold. Vidare skal kommunene føre tilsyn med særlege forhold etter nærare forskrift frå departementet. Det siste er igjen bakgrunnen for at kommunene i 2011 og 2012 er pålagt å prioritere tilsyn med miljøsaneringsbeskrivelse/avfallsplan og sluttdokumentasjon, og i 2013 og 2014 er pålagt å prioritere tilsyn med energieffektivitet og universell utforming.

Molde kommune er koordinator for kommunene som deltar i Norsk Kommunalteknisk forening sitt byggesaksnettverk i området. Fleire av medlemskommunene har ytra ønskje om å få etablert eit interkommunalt tilsynssamarbeid. På grunnlag av ønskene er det utarbeida eit forslag til organisering og gjennomføring av tilsynssamarbeid, jf. vedlagt avtale.

Samarbeidsforma vert eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28 a og 28 b, jf. plan- og bygningsloven § 25-1 tredje ledd. For dei kommuner som ønskjer å delta i samarbeidet vert det utarbeida ein samarbeidsavtale som først vert vedteke av kommunestyret i den delegerende kommunen (DG), og deretter i vertskommunen (VK).

I samsvar med kommuneloven § 28b nr. 3, vedtek kommunestyret delegasjon av myndighet. Delegasjonen skjer ved at kommunestyret gir instruks til eigen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i Molde kommune.

Vurdering:

Midsund kommune har ei plikt til å føre tilsyn og følgje opp ulovlege tiltak. I henhold til gebyrregulativet for byggjesaksbehandling, vert 10 % av gebyret krevd inn for tilsyn. Grunna organisering og lav bemanning, har tilsyn ikkje blitt prioritert dei siste åra. Denne avtalen medfører at kommunen no får mulighet til å gjennomføre tilsyn fram mot 2014. I prosjektbeskrivelsen er det antyda 8 tilsyn.

Rådmannen vurderer dette som ei viktig oppgåve då denne type oppfølging vil medføre ei større grad av likebehandling etter loven, noko som forhåpentlegvis vil opplevast som meir rettferdig for alle som får saker behandla av kommunen. I tillegg er dette er ei teneste som publikum allereie betalar for gjennom gebyra dei betalar til kommunen. Rådmannen rår til at avtalen vert godkjent.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

I prosjektbeskrivelsen er det estimert ein årleg kostnad på om lag 30 000 kroner for Midsund kommune. Dette vert finansiert av dagens byggjesaksgebyr. I gebyrregulativet for Midsund kommune, alminnelege føresegner § 12, står det at om lag 10 % av byggjesaksgebyret vert krevd inn for tilsyn. Fram mot 2013 må det vurderast kor vidt denne prosenten skal justerast som følgje av avtalen.

Kjetil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Forslag til organisering og gjennomføring av interkommunalt

tilsynssamarbeid i byggesaker, datert 17.6.2011

Oversendelse av revidert avtale og informasjon om delegasjon, datert
29.11.2011

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid av 29.11.2011

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmapper

Særutskrift går til: Molde kommune, Byggesak og geodata, Rådhusplassen 1, 6413 Molde



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2006/78-163
Arkiv: L12
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 09.01.2012

Saksframlegg

Klagebehandling på eigengodkjenninga av "Reguleringsplan Midsund Sentrum" K - sak 11/64 av 01.09.2011

Utvalsak	Utval	Motedato
12/5	Planutvalet	16.01.2012
12/6	Kommunestyret	26.01.2012

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følge. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 16.01.2012

Rådmann Ketil Ugelvik er inhabil i saka. Inge Rakvåg tok sete som setterådmann.

Robin Sørli (H) bad om å få vurdert sin habilitet.

4 voterande.

Robin Sørli (H) vart samrøystes kjent habil

5 voterande.

Samrøystes tilråding i Planutvalet - 16.01.2012

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følge. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

I Bakgrunn for saka

Fylkesmannen oppheva i 2005 reguleringsplan for Midsund sentrum, vedtatt i kommunestyret i 2001. Etter den tid har kommunen styrt etter arealplanen for sentrum.

Oppstart av arbeid med ny reguleringsplan for sentrum blei varsla i juni 2006, samtidig med at eit planprogram blei lagt ut til offentleg ettersyn. Eit viktig formål med planarbeidet var å fastlegge framtidig riksvegtrasé gjennom sentrum. Andre delmål med planarbeidet var å legge til legge for utvikling av områda ved sjøen og sikre god samanheng mellom sjøen og sentrum, betre forholda for mjuke trafikkantar og legge til rette for fortetting av bustader i sentrum. I oktober 2006 blei planprogrammet fastsett av kommunestyret, og samtidig gjorde kommunestyret eit vedtak i K – sak 06/40 om at framtidig riksvegen skulle følgje eksisterande riksveg.

Første utkast til reguleringsplan for Midsund sentrum vart send på høyring november 2007. Det kom inn i alt 26 skriftlege merknader. Revidert forslag blei lagt ut til offentleg ettersyn oktober 2009. Det kom inn i alt 24 skriftlege merknader i andre høyringsrunde.

Planen blei eigengodkjend av kommunestyret i februar 2010. Det kom inn 6 klager på eigengodkjenninga. Kommunestyret behandla klagene i april 2010, K – sak 10/10. Vedtaket om godkjenning av planen blei oppretthalde, K sak 10/31 – 10/36 og saka blei send over til fylkesmannen som klageorgan. I ettertid fann rådmannen at enkelte forhold kunne fått ei meir omfattande utgreiing - særleg spørsmålet om ny fylkesveg gjennom sentrum, samt at det var mangelfull vurdering av merknadar som kom inn i samband med oppstart av planprosessen.

Fylkesmannen gav i brev av 03.06.2011 tilbakemelding om at realitetsbehandlinga av dei innkomne klagene på den opphavelige eigengodkjenninga vil bli utsett, i påvente av vidare saksbehandling frå kommunen.

Det blei på bakgrunn av dette utarbeidd nytt saksframlegg for ny eigengodkjenning av planen. Her var det gjort ei vurdering av innkomne merknader, samt tematiske vurderingar av hovudspørsmåla i planen. Saka var oppe til ny behandling 01.09.2011, K sak 11/64 og planen blei eigengodkjend utan endringar. Godkjenning av planen blei kunngjort og vedtaket blei sendt til klagarane og det kom inn 8 klager på eigengodkjenninga.

II Klager på eigengodkjenninga

Det har kome inn 8 klager på eigengodkjenninga av 01.09.2011. Klagene er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011. Det har vidare kome ein merknad til eigengodkjenninga frå fylkeskonservatoren, i brev datert 17.10.2011.

I tillegg ligg det føre ein klage frå eigengodkjenninga i februar 2010, som ikkje er dekt opp av nye klager etter andre eigengodkjenning.

Vedtaket om godkjenning av planen er påklaga av følgjande:

1. Reidar Misund, epost sendt 13.10.2011.

- Gjeld Antonbua, ønskjer bevaring av denne.
2. Anne S. Setnes og Tormod Sandnes, brev av 13.10.2011
Gjeld vegtrase for fylkesvegen, samt prosess.
 3. Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg, brev av 14.10.2011
Gjeld vegtrase for fylkesvegen, samt prosess.
 4. Gamlebygdas venner, brev av 15.10.2011
Gjeld vegtrase for fylkesvegen, samt prosess.
 5. Amalie Misund, brev av 16.10.2011
Gjeld vegtrase for fylkesvegen, rasfare, naust, friområde, avkjørsel ved Idavoll, fortidsminne og prosess.
 6. Leif Arne Jensen, brev mottatt 17.10.2011
Gjeld vegtrase for fylkesvegen, samt prosess.
 7. Asbjørn Misund, brev mottatt 17.10.2011
Gjeld Antonbua, ønskjer bevaring av denne, samt prosess.
 8. Mico Fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS v/ Arve Misund, brev datert 06.04.2010
Gjeld vern av Strømsneset, ein klage frå førre eigengodkjenning i 2010.

I tillegg har det kome inn ein merknad til vedtak om eigengodkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren, brev av 17.10.2011. Rådmannen vurderer ikkje dette som ein klage, men merknaden blir for den gode ordens skuld kommentert og vurdert i saka.

III Nærare om klagene - sentrale og generelle skjønnsstema

Det er i hovudsak to skjønnsstema som er påklaga; val av framtidig vegtrase for fylkesveg 668 og spørsmålet om vern av Antonbua. Vern av Antonbua er også tema i merknaden frå fylkeskonservatoren. I saksframstillinga her, finn rådmannen det nødvendig og hensiktsmessig å gå nærare inn på desse tema innleiingsvis. Hovudtrekka i vurderingane som er gjort i samband med eigengodkjenninga er gjengitt under.

III.1 Trasé for fylkesveg 668

III.1.1 Bakgrunn - eksisterande situasjon

Val av framtidig trasé for fylkesveg 668 gjennom bygda har vore eit sentralt tema i planarbeidet. I tidlegare dokument er denne vegen omtalt som riksveg. I 2010 blei vegen endra til fylkesveg. Dagens fylkesveg har stort behov for utbetring, då den til dels er svært smal, og manglar fortau/gangveg. Vegen har ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på 1600 bilar. Det er stort sett lokaltrafikk, og liten tungtrafikk/ gjennomgangstrafikk.


III.1.2 Vegalternativ

I planprogrammet var det skissert tre vegalternativ:

- Øvre trasé: Opprusting av eksisterande fylkesveg gjennom sentrum (gul linje).
- Nedre trasé: Ny veg langs sjøen (blå linje), låg inne i reguleringsplanen som blei oppheva i 2005.
- Ny sørleg trasé, sør for Bøen (grøn linje).

Alternative private forslag:

- Alternativ nedre trasé lenger vest (prikka blå vestleg linje)
- Alternativ nedre trasé lenger aust (prikka blå austleg linje)
- Opp under fjellet: Trasé opp under fjellet, over eksisterande busetnad (raud linje)
- Tunnel: Tunnel utanom sentrum (lilla linje)



Grøn trasé, sør for Bøen, er berre aktuell som lokalveg – ikkje som fylkesveg. Raud trasé opp under fjellet og lilla tunnelalternativ er vurdert å vere for kostbar.

Det er **øvre trasé** (orange farge) og **nedre trasé** (blå farge) som har framstått som reelt aktuelle alternativ for vegframføring. Vurderingane er gjort i tett samarbeid med vegvesenet.

III.1.3 Vurdering av øvre og nedre trasé

III.1.3.1 Finansiering og gjennomføring

Vegvesenet har vurdert øvre og nedre vegalternativ som om lag like dyre å bygge ut. Forlenging av nedre trasé (blå prikka linjer på kartillustrasjonen) gjer løysinga vesentleg dyrare. Forlenga trase er vurdert som uaktuelt, så lenge ein har eit vesentleg rimelegare og trafikkfagleg like godt alternativ.

Det er vurdert at det øvre alternativet vil vere enklast å få bygd ut, fordi utbygginga her kan skje etappevis. Nedre trasé gir kostnader til bygging av gangveg/fortau langs eksisterande veg. *Samla sett framstår øvre trasé som den gunstigaste når det gjeld finansiering og gjennomføring.*

III.1.3.2 Veglengde og vegstandard

Nedre trasé får ei lengde på om lag 600 m, frå Coop til den går inn på eksisterande fylkesveg. Same strekninga på eksisterande fylkesveg er om lag 1000 m lang. Øvre trasé har bratt stigning kombinert med ein sving i bakken på fylkesvegen, opp frå Coop, noko som vegteknisk er lite gunstig. Nedre trasé kan utførast med betre stigningsforhold og linjeføring.

Med omsyn til veglengde og vegstandard kjem nedre trasé best ut.

III.1.3.3 Konsekvensar for eksisterande busetnad

Øvre trasé inneber utviding av eksisterande veg, og omlegging av avkjørsler og kryss. Gang-/sykkelvegen må skiljast frå kjørevegen med rabatt pga trafikktryggleik. Utvidinga gjer at fire bustadhus må regulerast vekk, noko som er ein stor negativ konsekvens. Husa på nedsida av vegen får større avstand til biltrafikken med gangveg og rabatt som ein buffer. Dei fleste husa

vil få trafikken på baksida, noko som er gunstig med tanke på bruk av hage, noko som gir enklare støyskjerming.

Nedre trasé i 2005-planen innebar riving av to bustadhus. Vegvesenet har opna for ei mindre plasskrevjande vegløyning, men traséen må vurderast på nytt for å avklare om ein kan unngå å regulere vekk bustadhus. Traséen vil gi gjennomgangstrafikk i eit område som i dag er utan dette, med støyulemper og ei viss forringing av utsiktsretninga ned mot sjøen.

For eksisterande busetnad framstår nedre trasé som det gunstigaste alternativet.

III.1.3.4 Utvikling av områda mot sjøen

Ny fylkesveg i nedre trasé gir redusert handlefridom med tanke på utvikling og utforming av området ned mot Bukta. Nedre trasé vil i større grad legge avgrensingar på tilgrensande areal, og kan framstå som ein barriere i området. Med fartsgrense på 50 km/t og den relativt lave årsdøgntrafikken det her er snakk om, er det likevel ikkje grunn til å tru at barriereeffekten vil vere vesentleg.

Øvre trasé framstår som gunstigast når det gjeld utvikling av områda mot sjøen.

III.1.3.5 Terrenginngrep

For øvre trasé vil all vegutviding frå krysset med fylkesveg 202 til Midsund skule skje mot fjellet. Dette vil gi til ein del terrenginngrep på oppsida av vegen. Krysset mellom fylkesvegane blir flytta lenger nordaust, for å gjere det meir trafikksikkert og betre stigningsforholda øvst i Misundbakken. Denne kryssomlegginga inneber i seg sjølv terrenginngrep.

For nedre trasé vil det bli ein del terrengskjeringar ved kryssing av Bakkemarka. Vegen her er ikkje detaljplanlagt, og det er usikkert kor omfattande terrenginngrepa er. Samla sett vil terrenginngrepa bli mindre langs nedre trasé enn øvre trasé.

Nedre trasé framstår som gunstigast når det gjeld terrenginngrep.

III.1.3.6 Rasfare

Øvre trasé ligg i grenselandet for rasfare, i følge vurderingane som blei gjort av fylkesgeologen i 1997, og kommunen har fått råd om å nytte fylkesvegen som avgrensing av rasfarleg område. Dermed er øvre trasé meir utsett for rasfare enn nedre trasé. Øvre trasé er likevel vurdert som tilfredsstillande trygg for vegformål.

Nedre trasé er mindre utsett for rasfare enn øvre trasé.

III.1.3.7 Kulturminne og kulturlandskap

Området kring Bakkemarka er stykke fint kulturlandskap, med fleire funn av automatisk freda kulturminne. Nedre trasé vil gå gjennom dette området. Øvre trasé grip ikkje inn i automatisk freda kulturminne. Øvre trasé inneber riving av gamle aldersheimen. Bygget er ikkje vurdert som verneverdig.

Øvre trasé framstår som gunstigast når det gjeld kulturminne og kulturlandskap.

III.1.3.8 Barn og unge

Fylkesvegen gjennom sentrum er i dag farleg å ferdast langs, og mange barn og unge nyttar vegen. Øvre trasé inneber gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Ved ny veg i nedre trasé vil eksisterande fylkesveg likevel bli nytta av born og unge frå Bøen og innsida av øya, fordi dette vil vere den kortaste vegen. Barnerepresentanten påpeiker behovet for gangveg også langs eksisterande fylkesveg dersom nedre trasé blir valt. Barnerepresentanten meiner to vegar gjennom bygda vil vere ei ulempe for barn og unge.

Øvre trasé framstår som den beste løysinga for born og unge.

III.1.3.9 Samanstilling og konklusjon – øvre og nedre vegalternativ


TEMA	VURDERING
Finansiering og gjennomføring	Øvre trasé best
Veglengde og vegstandard	Nedre trasé best
Konsekvensar for eksisterande busetnad	Nedre trasé best
Utvikling av området mot sjøen	Øvre trasé best
Terrenginngrep	Nedre trasé best
Rasfare	Nedre trasé best
Kulturminne og kulturlandskap	Øvre trasé best
Barn og unge	Øvre trasé best

Både øvre og nedre vegalternativ gir framtidretta løysingar, og begge vegalternativa har positive og negative konsekvensar. Øvre trasé er valt som framtidig fylkesveg fordi ein har vektlagt sterkt å ei løysing som synest mest realistisk å få gjennomført så snart som mogleg, samt at øvre trasé gir dei beste moglegheitene for å utvikle dei sjønære areala. Dette området blir vurdert som avgjerande for den framtidige sentrumsutviklinga i Midsund.

III.2 Vern av Antonbua

III.2.1 Eksisterande situasjon

Antonbuda er ei sjøbu mellom Coop-bygget og bensinstasjonen i Midsund. Bygget er frå 1909 (den eldste delen), og er eitt av fleire viktige kulturminne innanfor planområdet. Bygget har avgrensingar med omsyn til ny bruk på grunn av få vindauge, lav plassering i terrenget og har lave etasjehøgder. Den opphavelige strandlinja ved Antonbua er endra av utfyllingar i sjøen og nyare utbygging, og bygningsmiljøet omkring er samansett.



III.2.2 Vurdering av verneverdi

Antonbua ligg i det som er vurdert å vere kjerneområdet for framtidig utvikling av sentrum, og for rådmannen er det viktig å legge til rette for utvikling her. Samtidig er det det fagleg sett gode argument for å ta vare på Antonbua. Rådmannen har etter ei vurdering av dei ulike omsyna konkludert med at ønsket om å kunne detaljplanlegge det framtidige sentrumsområdet mest mogleg fritt veg tyngst, og har derfor ikkje lagt inn krav om bevaring i planen.

No er Antonbua heller ikkje forutsett riven i planen som er eigengodkjend, og det er fullt mogleg å sette i stand og bevare bygget innanfor reguleringsformålet som er fastsett (forretning/kontor). Endeleg avgjøring blir tatt i samanheng med byggjesaka.

Det er rådmannen sitt syn at planen, slik den no er vedtatt, ivaretek dei kryssande omsyna som ligg føre på best mogleg måte.

IV Vurdering av klagene

Klagene blir her refererte og vurderte. Klagene blir også lagt ved saka. Rådmannen skal ved behandling av klager på reguleringsplan legge vekt på om det er framlagt nye moment i saka eller saksbehandliga, som ikkje har blitt vurdert tidlegare, og som kan ha innverknad på vedtaket som er fatta.

IV.1 Klage nr. 1 - Reidar Misund, epost sendt 13.10.2011

IV.1.1 Grunnlag

Reidar Misund har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i epost sendt 13.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011.

IV.1.2 Klage på skjønnsutøving

Reidar Misund meiner Antonbua må regulast til verneverdig område, som den eldste sjøbua i Misund og i dag eitt av kommunen sine kjennemerke utad. Han viser til at Antonbua i tidlegare planforslag har vore foreslått verna som kulturminne frå nyare tid, og at vernestatusen først i 2009 blei fjerna.

Vurdering:

Antonbua er lokalisert i eit sentralt område for framtidig utvikling av sentrum. For kommunen er det viktig å stå mest mogleg fritt i sentrumsutviklinga. Rådmannen er samd i at Antonbua har verneverdi, men har i reguleringsplanarbeidet vegd verneverdien opp mot ønsket om fleksibilitet i sentrumsutviklinga. Antonbua har ein del bygningstekniske avgrensingar som vil verke inn på bruksmoglegheitene for bygget, mellom anna lav etasjehøgde og lav plassering i terrenget, med utfordringar med omsyn til vasstand ved flomål. Ein har landa på ein reguleringsplan som både opnar for vern og for riving av dette bygget.

Antonbua låg inne som verneområde i planen som blei stadfesta i 2001. Planen - og dermed vernestatusen på Antonbua - blei oppheva av fylkesmannen i 2005. Fram til no har det vore arealdelen til kommuneplanen som gjeld. Der er Antonbua ikkje verna. Bua har ikkje lagt inne som verneområde i noverande planprosess, som har pågått sidan 2006.

Det blir også vist til vurderingane av Antonbua i kapittel III.2 ovanfor.

IV.1.3 Klage på saksbehandling

Reidar Misund viser vidare til at det ikkje er gjennomført synfaringar i sjøbua, eller gjort nærare utgreiingar om kva kulturminne ein her står overfor.

Vurdering:

Det blei gjennomført synfaring i Antonbua av teknisk sjef Inge Rakvåg og fylkeskonservator v/Brit Hansen i samband med oppstart av nytt planarbeid i 2006. Rådmannen meiner nødvendig kartlegging og vurdering av bygget er gjort i planprosessen.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Reidar Misund ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakgrunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følgje.

IV.2 Klage nr. 2 - Anne S. Setnes og Tormod Sandnes, brev av 13.10.2011

IV.2.1 Grunnlag

Anne S. Setnes og Tormod Sandnes har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev av 13.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011. Dei viser til tidlegare innsendte klage datert 03.04.2010, og vil oppretthalde den. Dei eig bustad-eigedomen 50/49, som i planen er forutsett rive som følgje av planlagt utviding av eksisterande fylkesveg.

IV.2.2 Klage på saksbehandling

Setnes og Sandnes meiner at vegalternativa ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dei kjenner seg lurte, då det har blitt sagt på folkemøte at både nedre og øvre trasé skal utgreiast og samanliknast.

Vurdering:

Rådmannen meiner at vegalternativa no har blitt tilstrekkeleg utgreidd, og viser til kapittel III.1 over.

IV.2.3 Klage på skjønnsutøving

Dei er sterkt usamde i val av framtidig trasé for fylkesvegen, og går sterkt i mot eigengodkjenninga til kommunen. Dei saknar argument for at fylkesvegen ikkje skal kunne gå gjennom bygda i nedre trasé, og meiner halve bygda vil bli rasert ved val av øvre trasé. Store skjeringar kan gi utgliding, og området er karakterisert som rasområde. Dei meiner kommunen har tatt altfor lite omsyn til underskriftslistar frå Gamlebygda Venner. Dei peikar på at kommunen gjennom reguleringa bandlegg eigedomen, slik at den ikkje blir salgbar. Dette er ei påkjenning, som har blitt forsterka ved at planprosessen har pågått over mange år.

Vurdering:

Bakgrunnen for at øvre trasé er valt som framtidig fylkesveg i planen, er at ein har vektlagt sterkt å få på plass den løysinga som synest mest realistisk å få gjennomført så snart som mogleg, samt at dette gir betre moglegheiter for utvikling av areala ved sjøen. Det vil truleg vere lettare å få på plass løyvingar til mindre omfattande delutbyggingar. Øvre trasé opnar for denne moglegheita, dersom det skulle vere nødvendig. Vidare har det blitt sterkt vektlagt at øvre trasé gir dei beste moglegheitene for å utvikle dei sjønære areala. Dette området blir vurdert som avgjerande for den framtidige sentrumsutviklinga i Midsund.

Rådmannen erkjenner at eigarane av bygga som blir forutsett rive vil bli påført ei vesentleg ulempe. Rådmannen står likevel fast på at den øvre traséen samla sett er det beste alternativet for framtidig fylkesveg, og at innløyning av desse husa er nødvendig.

Det blir også vist til vurderingar av vegløyningar i kapittel III.1 over.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Anne S. Setnes og Tormod Sandnes ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakgrunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følge.

IV.3 Klage nr. 3 - Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg, brev av 14.10.2011

IV.3.1 Grunnlag

Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev av 14.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011. Dei viser til tidlegare innsendte klage datert 04.04.2010, og vil oppretthalde den. Dei eig bustadeigedomen 48/25, som i planen er forutsett rive som følge av planlagt utviding av eksisterande fylkesveg.

IV.3.2 Klage på saksbehandling

Langholm/Ukkelberg skriv at dei ikkje har fått skriftleg varsel om reguleringa, og at dette må vere ein saksbehandlingsfeil. Dei opplyser om at dei ved siste eigengodkjenning har fått tilsendt sakspapir frå kommunen.

Vurdering:

Brev har blitt sendt ut til grunneigarar og dei som har kome med merknader i saka. Kopi av breva finst i kommunen sitt saksbehandlingssystem. Oppstart av planprosess, offentlege ettersyn og eigengodkjenningar har i tillegg blitt annonsert i lokalavisa. Rådmannen oppfattar at dei har oppfylt krava med omsyn til å informere berørte partar.

IV.3.3 Klage på skjønnsutøving

Dei er usamde i val av fylkesvegtrasé. Dei viser til rasfare og konsekvensar for busetnaden langs vegen. Dei peikar på at bandlegging av bustaden fører til at dei ikkje kan selje bustaden, og at dei på grunn av denne saka ikkje får lån til nødvendig rehabilitering eller kjøp av ny bustad. Dette går ut over livskvaliteten.

Vurdering:

Bakgrunnen for at øvre trasé er valt som framtidig fylkesveg i planen, er at ein har vektlagt sterkt å få på plass den løysinga som synest mest realistisk å få gjennomført så snart som mogleg, samt at dette gir betre moglegheiter for utvikling av areala ved sjøen. Det vil truleg vere lettare å få på plass løyvingar til mindre omfattande delutbyggingar. Øvre trasé opnar for denne moglegheita, dersom det skulle vere nødvendig. Vidare har det blitt sterkt vektlagt at øvre trasé gir dei beste moglegheitene for å utvikle dei sjønære areala. Dette området blir vurdert som avgjerande for den framtidige sentrumsutviklinga i Midsund. Det blir også vist til vurderingar av vegløyningar i kapittel III.1.

I 1997 blei rasfaren i Midsund sentrum vurdert av Møre og Romsdal fylke v/ fylkesgeolog Einar Anda. Han konkluderte med at kommunen bør nytte riks-/fylkesvegen som grense for vidare utbygging.

Planen blei i samband med eigengodkjenninga av 01.09.2011 framlagt for fylkesgeolog Einar Anda for oppdatert uttale. Han gav muntleg tilbakemelding om at tryggleiken knytt til vegføringa er vurdert som tilfredsstillande med omsyn til rasfare.

Rådmannen erkjenner at eigarane av bygga som blir forutsett rive vil bli påført ei vesentleg ulempe. Rådmannen står likevel fast på at den øvre traséen samla sett er det beste alternativet for framtidig fylkesveg, og at innløyising av desse husa er nødvendig.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakgrunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følgje.

IV.4 Klage nr. 4 - Gamlebygdas venner, brev av 15.10.2011

IV.4.1 Grunnlag

Gamlebygdas venner har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev av 15.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011. Dei viser til tidlegare innsendte klage datert 04.04.2010, og vil oppretthalde den.

IV.4.2 Klage på saksbehandling

Gamlebygdas Venner meiner at planprosessen ikkje har vore tilfredsstillande, og at det ikkje har blitt gjennomført dei utgreiingane som kommunen har lova.

Vurdering:

Etter rådmannen si oppfatning har planprosessen vore god, med eit planprogram som var på høyring i startfasen. Ein har likevel sett at ein del forhold kunne fått ei meir omfattande utgreiing, og valte derfor å fremje planen på nytt for eigengodkjenning, med meir omfattande vurderingar enn tidlegare. Etter rådmannen sitt syn har er dei nødvendige vurderingane og utgreiingane no gjort i saka.

IV.4.3 Klage på skjønnsutøving

Gamlebygdas Venner meiner godkjend riksvegsløyising vil radere bort gamlebygda. Dei peikar vidare på at fylkesveg og kommuneveg er lagt inn i rasfarleg område, men at rasfaren synest å ha opphørt i planen. GV meiner at godkjend plan fører til at verdiar for mange titals millionar blir regulert bort, og kommunen skal ha svart at planen ikkje får konsekvensar for kommunen sin økonomi.

Vurdering:

I 1997 blei rasfaren i Midsund sentrum vurdert av Møre og Romsdal fylke v/ fylkesgeolog Einar Anda. Han konkluderte med at kommunen bør nytte riks-/fylkesvegen som grense for vidare utbygging.

Planen blei i samband med eigengodkjenninga av 01.09.2011 framlagt for fylkesgeolog Einar Anda for oppdatert uttale. Han gav muntleg tilbakemelding om at tryggleiken knytt til vegføringa er vurdert som tilfredsstillande med omsyn til rasfare.

Det er gode argument både for øvre og nedre trasé, men etter ei samla vurdering har øvre trasé blitt vurdert som den gunstigaste løysinga. Her er det lagt stor vekt på at øvre trasé opnar for

utbygging i etappar, og er gunstigast med tanke på utvikling av dei sjønære områda. Sjå vurdering av desse forholda i kapittel III.1.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Gamlebygdas Venner ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakgrunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følge.

IV.5 Klage nr. 5 - Amalie Misund m. etf., brev av 16.10.2011

IV.5.1 Grunnlag

Amalie Midsund har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev av 16.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011.

IV.5.3 Klage på saksbehandling

IV.5.3a)

Amalie Midsund meiner reguleringsplanen for Midsund sentrum er uvanleg omfattande, og at ujamn detaljeringsgrad gjer det vanskeleg å avgjere kvar planen er omtrentleg og kvar den er presis. Dette er heller ikkje definert i planen, og kan gi mistydingar.

Vurdering:

Det er rett at reguleringsplanen er svært omfattande. Detaljeringsgraden kan variere, men planen er ikkje omtrentleg. Dei juridiske linjene og arealformåla i ein godkjend plan er presise og juridisk bindande slik dei ligg. Ved eventuell utarbeiding av detaljreguleringar, kan det erfaringsmessig enkelte stader vere behov for å justere ein slik overordna plan. Dette må i tilfelle avklarast i samband med den enkelte detaljreguleringa.

IV.5.3b)

Amalie Midsund skriv at dei ikkje har fått tilsendt lesbart kartgrunnlag for sin eigedom, trass i direkte forespurnad til kommunen. Kommunen har vist til kart lagt ut på kommunen si heimeside.

Vurdering:

Dessverre blei det ikkje svart på første forespurnaden. Det kom ny e-post den 05.10.11, med svar den 07.10.11. Her blei kartgrunnlag og rasvurderingane frå 1997 oversendt. Rådmannen seier seg lei for at dette ikkje vart utlevert tidlegare, men meiner at denne svikten ikkje har medført konsekvensar for grunneigar sitt høve til å sette fram klage.

IV.5.3c)

Amalie Midsund meiner grunneigarane har fått minimale moglegheiter for medverknad på sin eigedom, på grunn av omfanget av planen. Planen er mangelfullt detaljert, noko som gjer det vanskeleg å forhalde seg til. Vidare meiner Amalie Midsund at kommunen har forskottert konklusjonar i planen, ved at berre merknader som kom inn fram til og med 2. gongs offentleg ettersyn er vurderte i saka om eigengodkjenning, og ikkje motsegner og klager som har kome inn. Dei meiner dette signaliserer at kommunen ikkje vil ta omsyn til motsegner og klager på planen.

Vurdering:

Planen er svært omfattande på grunn av behovet for avklaring av ny fylkesvegtrasé over eit lengre strekk. Rådmannen meiner det er lagt opp til ein god planprosess ut frå dei rammene som ein omfattande overordna reguleringsplan gir. Alle innkomne merknader og motsegner (dvs frå offentlege instansar) til planen er vurderte, og motsegner er trekt. Klage kan ein berre gjere på eigengodkjenninga, då det først er då det blir fatta eit enkeltvedtak. Klagene frå den første eigengodkjenninga er vurderte i saksutgreiinga. Etter ny eigengodkjenning har det blitt gitt ny klagerett.

IV.5.3d)

Amalie Midsund peikar på problem med eintydig namnsettinga i reguleringsplanen.

Vurdering:

Rådmannen seier seg lei for at namnebruken i planprosessen ikkje har vore konsekvent. Elva som er omtalt som Midsundelva skal vere Bakkelva. Midsundbakken er bakken på fylkesvegen, opp frå Coop. Rådmannen meiner at denne feilen ikkje har fått innverknad på vedtaket som er fatta i saka.

IV.5.3e)

Amalie Midsund reagerer på mangel av 3.partskontroll på rasvurderingane. Det blir etterlyst ein ROS-analyse, som det er vist til i rasvurderinga. Vidare blir grunngjeving for opning for bustadbygging innanfor rasfarleg område i reguleringsplanen etterlyst. Amalie Misund viser til at det kan gå ras frå Opstadhornet, og peiker på ferskt byggeløyve for to einebustader rett under Opstadhornet. Det blir også vist til at fylkesvegen, som skal fungere som rashindring, ikkje er planlagt med særskilte sikrings-tiltak, og grensa som er sett for rasfarleg området blir trekt i tvil. Amalie Midsund meiner det kan vere andre omsyn enn reint faglege, til dømes færre avkjørslar og lavare prisar på areal som kommunen må erverve, som ligg til grunn for denne konklusjonen.

Vurdering:

Rådmannen har halde seg til uttalar frå fylkesarkeologen, samt signal og vurderingar som har kome fram under reguleringsprosessane, slik det har vore vanleg å gjere i slike saker. Vurderingane frå fylkesarkeologen er lagt ved saka. Einebustadane der er referert til under Opstadhornet er særskilt vurdert med omsyn til ras og steinsprang.

IV.5.3f)

Amalie Midsund viser til at planen opnar for eit naust på N3 på 9x9m, sidan dette også skal nyttast til lager, men meiner dette ikkje kjem fram av planen. Dersom bruk til lager kan opne for større naust, ønskjer dei også slik bruk for sitt naustareal. Dei meiner også det er feil at kommunen har praktisert ei maktgrense på 5x7 m utanfor regulert område. Det er fleire eksempel på løyve til større naust, også til personar som ikkje driv næringsverksemd knytt til fiske og havbruk.

Vurdering:

Dei siste åra har det ikkje blitt godkjent naust over 35 m² i uregulert område. Kor store nausta skal vere i kvar enkelt reguleringsplan, blir vurdert i planprosessen. I Midsundbukta er det vurdert som viktig at nausta er små, for å få minst mogeleg naust i bukta. Det er vurdert som faglege forsvarleg å auke storleiken på naustet i N3, som står i samband med ei størtre kai, slik at ein i dette området skal ha moglegheit for større lagerplass i naustet.

IV.5.3g)

Amalie Midsund etterlyser dokumentasjon og lovgrunnlag for områda regulert til fortidsminne. Det er område langs øvre trase som ikkje er undersøkt, og der dei veit at det har stått hus frå langt tilbake i tida.

Vurdering:

Fylkeskonservatoren har vurdert heile planområdet, og har undersøkt dei områda som dei har funne aktuelle. Områda regulert til fornminne omfattar funnområde med tilhøyrande sikringssoner. Her er det er påvist automatisk freda kulturminne, dvs frå før-reformatorisk tid. Lovgrunnlaget som heimlar regulering til vern er kulturminnelova kapittel II.

IV.5.4 Klage på skjønnsutøving

IV.5.3h)

Amalie Midsund viser til alternativsvurderinga for prinsippløysingar for fylkesveg. Dei meiner ny sørleg trasé sør for Bøen i sin tid blei lagt fram som eit alternativ til bakken i «Nyvegen» og «Drammensvegen» vinterstid. Dei synest traseen opp under fjellet er for kjapt avvist utan vurdering av kostnader, og for skissemessig teikna inn.

Dei argumenterer for at nedre trasé bør velgjast, då den er kortare enn den øvre traséen, vil krevje mindre areal, færre hus må rivast, og ein unngår ein glatt bakke vinterstid. Vidare vil nedre trasé lede trafikken mellom Midøya/ Midsund sentrum og Solholm ferjekai på utsida av Otrøya, slik at ein unngår framtidige krav om yttarlegare opprusting av veg på innsida av øya. Amalie Midsund etterlyser vurdering av kva ei etappevis utbygging av fylkesvegen vil innebere i praksis. Dei ønskjer å få opplyst kva krav som vil gjere det påkravd med gang-/sykkelveg langs eksisterande fylkesveg, også om denne blir nedgradert. Dei meiner det bør kunne velgjast ei mindre arealkrevjande løysing med fortau. Dei spør vidare om det er vurdert å stenge eksisterande fylkesveg for gjennomkjøring ved bygging av nedre trase.

Vurdering:

Vegføringane som er vist i kartillustrasjonen er meint som prinsippsskisser. Det er mogleg ny sørleg trasé sør for Bøen i sin tid blei lagt fram som eit alternativ til bakken i «Nyvegen» og «Drammensvegen» vinterstid. I planen som er eigengodkjend er dette regulert som ein lokalveg.

Det er gode argument både for øvre og nedre trasé, men etter ei samla vurdering har øvre trasé blitt vurdert som den gunstigaste løysinga. Dersom nedre trasé hadde blitt valt, kunne det vore ei moglegheit å stenge eksisterande fylkesveg for gjennomkjøring. Dette er ikkje vurdert nærare, då ein har landa på det øvre alternativet. Praktiske forhold knytt til trafikkavvikling ved opprusting av eksisterande fylkesveg må nærare vurderast av vegvesenet i samband med detaljprosjekteringa. Som faginstans har vegvesenet uttalt at dette er gjennomførbart. Dagens standardkrav for noverande fylkesveg vil slå inn, også om dette skulle bli ein lokalveg. Veggen må uansett regulerast med utvida kjørebane, men ein kunne ha regulert inn fortau i staden for gangveg. Ein ville då «spart inn» rabatten mellom kjøreveg og gangveg på 1,5 m breidde, men det ville likevel gi inngripen i hageareal i høve til dagens vegkant på om lag 3-4 m. Standardkrava er gitt i vegvesenet si handbok 17 – Veg- og gateutforming. Handboka kan lastast ned på vegvesenet si heimeside

<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

IV.5.3i)

Amalie Midsund ønskjer å regulere friområdet i «Flekken», sør for 50/204 og 50/221 til konsentrert busetnad. Dei viser til at andre grunneigarar har fått omdisponere sine friområde til byggeareal.

Vurdering:

«Flekken» omfattar delar av FO4 og B10. Det er allereie regulert inn bustadtomter på B10, og det er ikkje ønskjeleg å gå nærare sjøen med bustadareal – ein vil behalde FO4 som eit

grøntareal langs strandsona. Om anna friareal tidlegare har blitt omdisponert, vil ikkje det legges føringar på vidare omdisponeringar. Kwart område må vurderast på sjølvstendig grunnlag.

IV.5.3j)

Bakkemarka 50/42: Amalie Midsund meiner ein vil unngå parkering langs fylkesvegen ved parkeringsforbod, vegutforming og skilting av parkering på Idavoll. Dei meiner ulempene med felles tilkomstveg for Idavoll og Høgtun kan løysast med utforming av veg og parkeringsplass. Dei saknar fagleg argumentasjon og utgreiing av ei slik alternativ løysing. Dei meiner også det er inkonsekvent å legge stor vekt på å redusere talet på avkjørsler enkelte stader, og etablere nye unødvendige avkjørsler andre stader. Amalie Midsund etterlyser vurdering av framkomelegheit ved sjøen, når vegen er sperra i samband med store arrangement som Midsundfestivalen.

Vurdering:

Val av tilkomstløysing er gjort ut frå mellom anna Vegvesenet sine krav om å redusere talet på avkjørsler på strekninga, og krav til friskt, og ein har landa på den løysinga som går fram av plankartet. Terrenget er bratt, og det fører til at inngrepa blir store. Ei løysing for 50/12 med tilkomstveg over parkeringsplassen på Idavoll vil ikkje fungere dei dagane det er arrangement på Idavoll, på grunn av fare for innparkering. På generelt grunnlag er det ikkje noko god planfagleg løysing å legge opp tilkomstveg til bustadhus over parkeringsplassar. Tilkomstveg direkte frå avkjørsla til Idavoll og opp til 50/12 blir for bratt.

Rådmannen meiner planen ikkje legg opp til trafikkale konflikter ved sjøen.

IV.5.3k)

Amalie Midsund hevder at manglande fagleg grunngeving for at enkelte av deira klager ikkje blir tatt til følge, viser mangel på respekt. Dei viser til at institusjonar som har maktmiddel ikkje skal bruke desse, utan at det er nødvendig og objektivt grunnlagt. Vidare er likebehandling eit viktig prinsipp.

Vurdering:

Etter rådmannen si vurdering har planprosessen vore god, men med enkelte svakheiter i høve til vurderingar av aktuelle løysingar. Grundigare vurderingar blei utført i samband med siste eigengodkjenning. Rådmannen meiner aktuelle problemstillingar no er tilfredsstillande drøfta, og er ikkje samd i at det manglar faglege vurderingar av dei planfaglege vala som er tatt.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Amalie Misund m. etf. ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakgrunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følge.

IV.6 Klage nr. 6 - Leif Arne Jensen, brev mottatt 17.10.2011

IV.6.1 Grunnlag

Leif Arne Jensen har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev mottatt 17.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011. Han eig bustadeigedomen 50/33, som i planen er regulert vekk som følge av planlagt utviding av eksisterande fylkesveg.

IV.6.2 Klage på saksbehandling

Jenset meiner høvet til medverknad i planprosessen har vore mangelfullt, då han som ein av dei sterkast berørte ikkje har fått tilsendt brev eller saksdokument, heller ikkje for den siste eigengodkjenninga.

Vurdering:

Oppstart av planprosess, offentlege ettersyn og eigengodkjenningar har blitt annonsert. Rådmannen oppfattar at kommunen har oppfylt krava med omsyn til å informere berørte partar. Jenset har framsett klage innanfor fristen, og det er rådmannen sitt syn at Jenset i tilstrekkeleg grad har fått høve til å medverke i planprosessen forut for klagebehandling.

IV.6.3 Klage på saksbehandling

Han meiner det ikkje har blitt lagt opp til dialog med grunneigarane i denne saka. Den kontakten som har vore mellom han og kommunen, har skjedd på initiativ frå han i form av eit møte i januar 2010.

Vurdering:

Kommunen har undervegs i planprosessen arrangert tre opne folkemøte. Dette har vore møte der har blitt lagt til rette for at berørte partar og andre interesserte kunne kome med innspel og stille spørsmål til planleggarane.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Leif Arne Jenset ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakregunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følgje.

IV.7 Klage nr. 7 - Asbjørn Misund, brev mottatt 17.10.2011

IV.7.1 Grunnlag

Asbjørn Misund har sett fram klage på eigengodkjenninga av 01.09.2011, i brev mottatt 17.10.2011. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 17.10.2011.

IV.7.2 Klage på faktum

Asbjørn Misund viser til at eit vesentleg dokument i saka ikkje er lagt til grunn ved eigengodkjenning av planen. Han meiner kommunen i saksutgreiinga til den siste eigengodkjenninga 01.09.2011 har feiltolka fylkeskonservatoren når det gjeld freding av Antonbua. Eit brev frå fylkeskonservatoren av 30.08.2011 blei vidareformidla til kommunen før kommunestyremøtet den 01.09.2011, men han kan ikkje sjå at den presiseringa av vernestatusen som her kjem fram er tatt omsyn til i kommunen sitt vedtak. Han meiner derfor at vedtaket er ugyldig.

Vurdering:

I saksutgreiinga for eigengodkjenninga er det referert frå uttalane til fylkeskonservator, der Antonbua er omtalt som eit viktig kulturminne. Samtidig er det vist til at fylkeskonservatoren ikkje krev vern av dette bygget, då fylkeskonservatoren ikkje har varsla motsegn på den foreslåtte reguleringa. Brevet frå

fylkeskonservatoren av 30.08.2011 blei lagt fram for kommunestyret i samband med eigengodkjenninga. Her blir verneverdien til bygget utdjupa, og det blir tilrådd ei regulering til verneområde. Rådmannen har vegd verneverdien opp mot ønsket om å stå mest mogleg fritt i sentrumsutviklinga, og har landa på ei regulering som både opnar for vern og for riving. Rådmannen er ikkje forplikta til å følgje tilrådingar frå fylkeskonservatoren, og vedtaket blir slik sett ikkje ugyldig av at det ikkje er tatt omsyn til tilrådingane.

IV.7.3 Klage på saksbehandling

Asbjørn Misund meiner kommunen si framstilling av saka er partisk, ukorrekt, udokumentert og kan oppfattast som misvisande, og at den samla saksgangen har avgrensa klagarane sine moglegheiter til å fremje sine synspunkt og framskaffe fakta i saka på eit tidleg tidspunkt. Han meiner vidare at kommunen sitt brev til partane i saka av 17.06.2011, om orientering om ny saksbehandling, gir inntrykk av at det ikkje lenger er mogleg å klage på manglande vern av Antonbua. Han meiner kommunen ikkje har informert fylkeskommunen og fylkesmannen om at det er lokalt engasjement, kompetanse og interesse for vern av bua. Han meiner kommunen har uttrykt at presisering av verneverdi frå fylkeskonservatoren har kome for seint inn i behandlingsprosessen for reguleringsplanen. Han avviser dette, og grunngir det mellom anna med at vernestatusen blei formalisert i 1997, at ingen objektive forhold er endra sidan og at presisert vernestatus blei formidla til kommunestyret før eigengodkjenninga og at saka framleis er til behandling.

Han meiner vidare at eigengodkjenninga er i strid med kommuneplanen for Midsund 2011-2020, og viser særskilt til vern av kulturminne. I kommuneplanen er det sagt at kommunen pliktar å ta vare på oldtidsminne og kulturminne.

Asbjørn Misund stiller spørsmål ved kommunen sin habilitet i saka, jamfør forvaltningslova §6, og meiner kommunen kan ha blanda rollene som eigar og offentleg organ med vedtaksmynde. Kommunen har uttrykt at dei ikkje ønskjer vernestatus etter at dei overtok bua, og kommunen har økonomiske interesser som eigar. Han viser til at det er kjent at private aktørar har lagt planar for kontorbygg på tomte til Antonbua, og at også kommunen har planar for kontorlokale her. Han meiner kommunen eller kommunale representantar kan ha inngått avtalar, og at desse kan ha gitt kommunen ei dobbeltrolle og har påverka utfallet av planprosessen.

Vurdering:

Slik rådmannen vurderer det er merknadane no tilfredsstillande vurdert. I brevet av 17.06.2011 blei det opplyst om at det ville bli ny klagerett i samband med ny eigengodkjenning. Lokalt engasjement for Antonbua har kome fram gjennom merknader, som er referert og lagt ved sakspapira. Verneverdien til Antonbua har vore kjend gjennom heile planprosessen, mellom anna på grunn av uttalen om dette frå fylkeskonservator i 2007, i samband med 1. gongs offentleg ettersyn. Antonbua har ikkje vernestatus i dag, då sentrumsplanen påbegynt i 1997 og eigengodkjend i 2001 blei oppheva av fylkesmannen i 2001.

Når det gjeld kulturminne som ikkje er automatisk freda (før-reformatoriske kulturminne), må vern av kulturminne alltid vegast mot andre interesser. For sentrumsområdet har omsynet til fleksibilitet i den framtidige utnyttinga vegd tyngre enn omsynet til vernestatus på Antonbua. Reguleringsplanen opnar for vern, dersom ein ved detaljplanlegging ser at dette let seg gjere. Rådmannen si vurdering er at reguleringsplanen ikkje er i strid med samfunnsdelen til kommuneplanen.

Habilitetskrava i forvaltningslova §6 gjeld offentleg tenestemann, og denne si eventuelle personlege interesse i ei sak. Saksbehandlar eller rådmann har ikkje personlege interesser i denne saka. Så langt rådmannen kan sjå har spørsmålet om habilitet ikkje relevans i ei reguleringssak der kommunen som organisasjon har eigarinteresser i eit område. Kommunen er interessert i at ein skal stå så fritt som mogleg i den seinare detaljplanlegginga av det framtidige sentrumsområdet ved Antonbua. Dette er bakgrunn for dei valte løysingane i reguleringsplanen her.

IV.7.4 Klage på skjønnsutøving

Asbjørn Misund meiner kommunen ikkje har gjort ei balansert vurdering av verneverdien til Antonbua, dvs vurdert det positive potensialet Antonbua kan ha for utviklinga av Midsund sentrum, som turistmål og for kulturlivet. Kommunen har ikkje presentert negative forhold rundt Antonbua som tilseier at den ikkje skulle vernast på linje med Strømsneset – Opstadbua. Han viser til at få vindauge, lav etasjehøgde og lav plassering i terrenget er trekt fram som ulemper ved bygget, men meiner kommunen ikkje kan bruke sitt manglande vedlikehald som argument for ikkje å regulere til vern.

Han meiner kommunen ikkje ønskjer vern av bua, og tolkar den ut av vernestatus. Han viser til at fylkeskonservatoren skriv at «det er ikkje noko som tilseier at denne vernestatusen bør endrast, og i alle fall ikkje reduserast», med henvisning til at Antonbua tidlegare har vore regulert til spesialområde vern. Han meiner at skifte av eigarforhold frå privat til kommunalt eige ikkje har relevans i saka.

Asbjørn Midsund meiner Midsund kommune ikkje vil kunne bidra i ei omfattande sentrumsutvikling pga dårleg økonomi, og at kjøp av Antonbua har bidratt til å svekke kommuneøkonomien. Kommunen har fått utarbeidd skisser til sentrumsutvikling, men han meiner desse er urealistiske. Når det ligg føre alternativ som kan frigjere kommunal kapital og skape aktivitet, meiner han kommunen må vurdere ei alternativ sentrumsutvikling.

Vurdering:

Verneverdien til Antonbua har kome fram i saksutgreiinga gjennom gjengiving av faguttaler frå fylkeskonservatoren. Dei avgrensande faktorane med omsyn til bruken av bua; lav etasjehøgde, få vindauge og lav plassering i terrenget, har ikkje med manglande vedlikehald å gjere. Dette er forhold knytt til bua slik den er bygd. Få vindauge gjer bruken av bygninga vanskelegare, fordi mange bruksområde stiller krav til dagslys. Dersom eit bygg skal bevarast etter antikvariske prinsipp, kan ein ikkje sette inn ekstra vindauge etter behov, fordi ein då forandrar bygget. Lav etasjehøgde gir avgrensingar med omsyn til bruk. Etasjehøgda på Antonbua er 2,10 m opp til bjelkene, og 1,85 m opp til dragar (hovudkonstruksjon). Kravet til etasjehøgde for kontor og forretningar er 2,7 m. Lav plassering i terrenget vil også avgrense bruken, på grunn av forventa havnivåstigning og auka stormflomål. Ved stor flo står sjøen allereie i dag inntil 0,4 m over golvnivå.

Antonbua har ikkje vernestatus i planverket i dag. Den blei vedtatt verna i reguleringsplanen som blei eigengodkjend i 2001, men dette vedtaket – og dermed vernestatusen - blei oppheva av fylkesmannen. Fram til no har det vore arealdelen til kommuneplanen som gjeld. Der er Antonbua ikkje verna.

Planen opnar for bevaring av Antonbua, men kommunen står samtidig fritt til ei anna utbygging. Reguleringsplanen legg ingen føringar for å legge til grunn ideskisser som har blitt utarbeidd i ein tidleg fase. Med omsyn til framtidig sentrumsutvikling legg dermed planen få avgrensingar. Vurdering av tidlegare kommunale investeringar er ikkje tema i ein reguleringsplan.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Asbjørn Misund ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakregunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følgje.

IV.8 Klage nr. 8 - Mico Fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS v/ Arve Misund, brev datert 06.04.2010

IV.8.1 Grunnlag

Mico fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS v/ Arve Misund har sett fram klage på eigengodkjenninga av 25.02.2010, i brev av 06.04.2010. Klagen er sett fram i rett tid i høve til klagefristen, som var 08.04.2010. Dette er ein klage på førre eigengodkjenning, som ikkje har blitt erstatta av ein ny klage.

IV.8.2 Klage på skjonnsutøving

Mico fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS klagar på at gnr 48 bnr 3 Strømsneset har fått vernestatus i reguleringsplanen. Dei meiner dette vil føre til vesentlege ulemper for framtidig utnytting, og at det vil krevje millioninvesteringar. Klagar meiner same argumentasjon må følgjast for Strømsneset som for Antonbuda.

Vurdering:

Vernestatusen på Strømsneset er i samsvar med fylkeskonservatorens sine tilrådingar. Antonbuda og sjøbuda på Strømsneset er om lag frå same tidsperiode, men Antonbuda er noko eldre. Ein skilnaden på dei er at Strømsneset i større grad er ein del av eit bevaringsverdig bygningsmiljø, medan miljøet kring Antonbuda er endra av utfyllingar i sjøen og nyare utbygging. Området kring Antonbuda skal utviklast vidare som ein del av sentrum, og rådmannen meiner det er behov for ein større fleksibilitet her.

IV.1.4 Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at klagen frå Mico fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS v/ Arve Misund ikkje tilfører saka nye moment, som ikkje er vurdert tidlegare. Med bakregunn i dette, tilrår rådmannen at klagen ikkje blir tatt til følgje.

IV.9 Merknad til eigengodkjenninga frå fylkeskonservatoren

Det har kome inn ein merknad til vedtak om eigengodkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren, i brev av 17.10.2011. Merknaden blir ikkje sett som ein klage på vedtaket, men blir referert og vurdert.

IV.9.1 Innhald i merknaden

Fylkeskonservatoren presiserer i brevet av 17.10.2011 at Antonbuda har verneverdi, og at bygninga bør vernast. Det er sagt at dei kunne vore meir presise, men det blir samtidig vist til uttaler både frå 1997 og 2007, då dei gikk inn for at det vart teke omsyn til bygningen i reguleringsplanen. Dei viser og til brev av 30.08.2011 frå fylkeskonservator til Asbjørn Midsund (sendt i kopi til Midsund kommune), der dei rår til at Antonbuda blir regulert til omsynssone C, formål bevaring av kulturmiljø.

I eigengodkjent plan er Antonbuda regulert til forretning/kontor. Fylkeskonservatoren meiner det er

svært uheldig om området kring Antonbuda blir utvikla på ein slik måte at verneverdiane går tapt. Dei legg derfor til grunn at ei eventuell vidareutvikling skjer med omsyn til dette verdifulle kulturminnet. Dei viser og til at det finst lokal interesse for istandsetjing av bygninga, noko som gjer at bygninga både burde kunne bli utvikla for vidare bruk samstundes som den vart verna. Antonbuda er som kulturminne ein viktig kulturhistorisk ressurs, som kan gi grunnlag for både oppleving og kunnskap og verke som ein identitetsskapar i lokalsamfunnet. Det burde brukast

med dette som mål. Bygningen vert allereie nytta til forskjellige kulturarrangement, og fylkeskonservatoren rår til at vidareutvikling og bruk står i samband med dette. Området kan utviklast, utan at verneverdige Antonbuda kjem til skade, og på ein måte som gjer at Midsund tek vare på eit viktig kulturhistorisk aspekt i sentrumsområdet. På grunnlag av dette rår Fylkeskonservatoren sterkt i frå tiltak som er eigna til å føre til tap av kulturhistorisk verdi på og kring Antonbuda.

IV.9.2 Vurdering av merknaden

Rådmannen er samd i at det fagleg sett er gode argument for å ta vare på Antonbua. Bygninga er heller ikkje forutsett riven i planen som er eigengodkjend, og det er fullt mogleg å sette i stand og bevare bua innanfor reguleringsformålet som er fastsett (forretning/kontor).

Endeleg avgjering om status til bygget blir tatt saman med byggjesøknaden

Rådmannen ønskjer likevel å stå fritt med detaljplanlegginga av dette området, og har derfor ikkje lagt inn krav om bevaring i planen.

V Oppsummering - samla konklusjon

Etter rådmannen sine vurderingar har det ikkje kome fram nye opplysningar i klagene, som skulle tilseie at vedtaket om eigengodkjenning blir omgjort. Rådmannen står fast ved tidlegare vurderingar i saka.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Inge Rakvåg
Setterrådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Klager frå:

Reidar Misund, epost sendt 13.10.2011.

Anne S. Setnes og Tormod Sandnes, brev av 13.10.2011

Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg, brev av 14.10.2011

Gamlebygdas venner, brev av 15.10.2011

Amalie Misund, brev av 16.10.2011

Leif Arne Jensen, brev mottatt 17.10.2011

Asbjørn Misund, brev mottatt 17.10.2011

Mico Fiskeoppdrett AS/ Mico Holding AS v/ Arve Misund, brev datert 06.04.2010

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren, brev av 17.10.2011

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Klagarar og Fylkesmann



Utgreiing om barnehagedrift - Nord-Heggdal barnehage

Utvalsak	Utval	Møtedato
12/5	Formannskapet	16.01.2012
12/7	Kommunestyret	26.01.2012
	Oppvekst- og kulturutval	

Forslag til vedtak:

Nord-Heggdal barnehage vert nedlagd frå 01.04.2012. Barna får tilbod om plass i Gjerdet barnehage. Dei tilsette får tilbod om jobb i dei andre kommunale barnehagane.

Bygget vert lagt ut for sal.

Behandling i Formannskapet - 16.01.2012

Rådmannen si tilråding vedteke med 4 mot 1 røyst.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2012

Nord-Heggdal barnehage vert nedlagd frå 01.04.2012. Barna får tilbod om plass i Gjerdet barnehage. Dei tilsette får tilbod om jobb i dei andre kommunale barnehagane.

Bygget vert lagt ut for sal.

Saksutgreiing:

*I K-sak 117108 Budsjett 2012 – økonomiplan 2012 – 2015 vart det gjort slikt vedtak:
" Kommunestyret ber rådmannen fremme ei sak om nedlegging av Nord-Heggdal barnehage, der alle konsekvensar blir utreda. "*

Etter det har administrasjonen laga eit høyringsnotat som vart sendt på høyring til samarbeidsutvala og arbeidstakarorganisasjonane. Notatet vart og sendt kommunestyremedlemmane.

Innan høyringsfristens utløp var det innkomne 4 merknaderuttalar:

- 1) Utdanningsforbundet Midsund
- 2) Samarbeidsutvalet Midsund barnehage
- 3) Samarbeidsutvalet Nord- Heggdal barnehage
- 4) Samarbeidsutvalet Gjerdet barnehage

Litt historikk

Bygget er frå 1958 og vart bygd som skule. Det har vore barnehagedrift i Nord - Heggdal sidan 1979. Delar av bygget har vore brukt av bygda/velforeining.

Utvikling av barnehagesektoren

Dei store endringane nasjonalt i barnehagesektoren har kome til med bakgrunn i barnehageforliket 11. juni 2002 der Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti gjekk inn ein avtale om finansiering og styring av barnehagesektoren (barnehageavtalen). Hovedmåla i forliket var lågare foreldrebetaling og utbygging av sektoren. Regjeringens mål for barnehagepolitikken er; Barnehageplass til alle som ønskjer det, økonomisk likebehandling av private og kommunale barnehagar, lågare foreldrebetaling, kvalitet og mangfold i tilbodet.

Også barnehagestrukturen i Midsund kommune har vore til behandling fleire gonger, sist i 2005, 2007 og 2009. I 2005 blei det utarbeidd ein rapport om barnehagestrukturen i Midsund kommune. Arbeidsgruppa hadde som mandat: *Vurdere økonomiske og kvalitetsmessige konsekvensar ved endring i eksisterande barnehagetilbod.*

I 2007 vart det oppretta ein komite for å *sjå på framtidig barnehagestruktur i Midsund kommune.* Bakgrunn var stor mangel på barnehageplassar og oppretting av faste plassar i midlertidig avdeling ved Raknes barnehage. Kommunestyret la ned dei politiske komiteane i desember 2007.

I 2009 blei det lagt fram sak om organisering av barnehagetilbodet. Bakgrunn var eit vedtak i kommunestyret 18.12.08, sak 08/101 Budsjett 2009-Økonomiplan 2009-2012, pkt 7: *”Kommunestyret ber rådmann legge fram ei sak om ei permanent organisering av barnehagetilbodet innan utgangen av mai.”* Det blei lagt fram tre ulike alternativ: Dagens struktur (desentralisert), sentralisert struktur og bruk av privat aktør. Vedtaket vart bygging av barnehage med 72 plassar sentralt i Midsund, og legge ned Raknes barnehage og oppretthalde Nord-Heggdal barnehage. I 2010 vedtok kommunestyret å bygge Gjerdet barnehage med 5 avdelingar, 90 plassar. I Kommunestyret 15.12.11 blei budsjettet for 2012 vedteke, sak 11/108 Budsjett 2012 – Økonomiplan 2012-2015. Nord-Heggdal barnehage vart budsjettetert med 12 plassar.

Dagens barnehagesituasjon i Midsund kommune

Barnehagestrukturen i Midsund kommune har ein desentralisert modell med tre kommunale barnehagar og ein privat familiebarnehage. Per januar 2012 har Anitas familiebarnehage, Midsund bhg og Gjerdet bhg fylt opp alle tilgjengelege plassar. Nord-Heggdal bhg har 6 barn og 10 plassar, dvs 2 ledige plassar. Dekningsgraden i Midsund kommune: Andel barn 1-5 år med barnehageplass per 2010 er 91.3 % (kostratal).

Barnehage	Opningstid	Alder	Plassar	Tal på barn	Komm. årsverk
Midsund barnehage Avd. Blåkkokka Avd. Regnbuen Avd. Marilhøna	0645 - 1645	3-6 0-6 0-3	54	46	10
Nord-Heggdal barnehage	0700-1700	0-6	12	6	2,4
Gjerdet barnehage Base: Krabben Base: Kokkeluren Base: Kråkebolten Base: Sjøstjerna Base: Blåskjellet	0645-1645	0-1 2 2-3 4-6 (Ikkje opna)	72 (18)	54	13,4
Anita's familiebarnehage	0800-1600	0-6	5 barn	6	0.15
			143	113	

Ved hovudopptaket til barnehagar i 2011 kom det inn 53 søknader, dette er både nye søknader, endring på plass og flytting til anna barnehage. Søknadene fordelte seg slik:

Tal søknadar	Nye søknadar	Endring av plass	Overflytting	Utan rett 2010	Utan rett 2011
53	35	11	7	6	2
	Midsund b.h.	Nord.Heggdal b.h.	Gjerdet b.h.	Anitas b.h.	
Prioritet 1	18	3	21		
Prioritet 2	17		13	1	
Prioritet 3		6	1	10	
Prioritet 4		8		5	

Alle som har rett til barnehageplass i hovudopptaket 2011 fekk plass på 1. eller 2. valget sitt.

Årstal	Tal på søknader totalt i kommunen	Tal på søknader med føresettprioritet NH barnehage
2007	78 søknader, 39 nye	7 søknader
2008	66 søknader, 21 nye	3 søknader
2009	58 søknader, 33 nye	2 søknader
2010	47 søknader	1 søknad

Hovudopptaka dei siste 5 åra har vist ein klar tendens til at størsteparten av søkjarane vil ha sentrumsnære plassar. Med få plassar tilgjengelig i kommunen har Nord-Heggdal bhg fylt opp etterkvart i løpet av året når det har vore fullt på dei andre barnehagane. Det har i år kome ein del søkjarar i ettertid og det fører med seg at 6 nye barn står på venteliste for å få barnehageplass, og 4 barn ønskjer å utvide plassen dei allereie har. Dette utgjer eit behov for om lag 15 plassar, då dei fleste er under 3 år, og utløyser to plassar kvar. Alle søkjarane har fått

opplyst at det er ledig plassar ved Nord-Heggdal bhg. Det er to barn som står på venteliste ved Nord-Heggdal bhg per desember 2011, tidlegare takka nei eller ikkje rett på plass. Det er uklart om og evt. når dei vil begynne i barnehagen.

Dagens budsjett og økonomisk innsparing ved nedlegging av Nord-Heggdal barnehage

Drift	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Nord Heggdal barnehage	1649	1275	1275	1275	1275
Midsund barnehage	4 440	4 615	4 615	4 615	4 615
Gjerdet barnehage		6 010	6 010	6 010	6 010
Anitas familiebarnehage	500	530	530	530	530
Teknisk	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Nord Heggdal barnehage	278	258	258	258	258
Midsund barnehage	726	724	724	724	724
Gjerdet barnehage		1 544	1 544	1 544	1 544
Anitas familiebarnehage					

Dersom Nord-Heggdal barnehage vert nedlagd, står ein overfor to val: Anten selgje bygget eller framleis eige bygget. Vel ein det siste alternativet, må ein pårekne utgifter til straum, forsikringar m.m.

For Nord-Heggdal barnehage er det for 2012 budsjettert med kroner 258.000 til reinhald, straum, forsikringar, lønn til vedlikehald (kr 19.000) og avskrivning (17.000). Legg ein ned barnehagen, og blir sitjande att med bygget, vil ein framleis måtte dekke utgifter til straum, forsikring m.m stipulert til kr 50.000 pr. år.

Ved overflytting til ein anna barnehage vil ein kunne få ei innsparing på 20 % administrasjonsressurs, noko som tilsvarar vel 100.000 kroner pr. år.

Tekniske vurderingar av bygget Nord-Heggdal barnehage

Bygget er frå 1958 og er ikkje universelt utforma.

Utvendig:

Skifertak der steinen er noko sprø. Målingsarbeid må gjerast. Vindauge må skiftast i kjellar og nokre vindauge i 1.etg. Vinterstid er det noko lekkasje i taket på inngangspartiet. Brannsklie frå veranda må skiftast.

Innvendig:

Installert varmpunpe i barnehageavdelinga. For få kursar til kjøkkenet i 1.etg. Høge straumutgifter grunna lite/dårleg isolasjon. Golvet i storsalen har sige litt(dette er ikkje brukt av barnehagen) Barnehagen har pussa opp fleire rom på dugnad.

Bygget blir brukt av velforeininga, men ein har ikkje funne avtalar som regulerer dette.

Konklusjon:

Basert på synfaring 04.01.12 ser ein ikkje behov for dei store påkostnadene dei første åra.

Kvalitet, kompetanse og rekruttering av pedagogisk personell til barnehagane

”Personalets faglige og personlige kompetanse er barnehagens viktigste ressurs og en forutsetning for at barnehagen skal være en god arena for omsorg, lek, læring og sosial utjevning. Førskulelærerne og det øvrige personalet i barnehagen er den viktigste innsatsfaktoren for kvaliteten i tilbudet.” (St.melding 41 Kvalitet i barnehagen).

Det er og har vore ei utfordring å få kvalifisert pedagogisk bemanning i barnehagane i Midsund kommune. Dette vil variere frå år til år, men vi har kvart år mangel på fagleg kompetanse. Per i dag er førskulelærarmangelen i Midsund kommune på 395 %. Utdanningsforbundet sentralt varslar tettare oppfølging av kommunane som gjev dispensasjon frå utdanningskravet og krev dispensasjonsstopp. Eit større fagleg miljø og auka pedagogtetthet er nokre av dei områda som kan vere med å få fleire førskulelærarar til å søkje i barnehagen. Dette kan bli ein verknad av å ha to mellomstore barnehagar.

Nord-Heggdal barnehage er i dag i den situasjonen at einingsleiar og pedagogisk leiar ute i permisjon. Det vart forsøkt rekruttert inn førskulelærar, men utan hell. Det vart tilsett pedagogisk leiar på dispensasjon frå utdanningskravet og einingsleiar i Gjerdet barnehage fekk ansvaret for styrar- og veiledarfunksjonen.

Framtidsprognosar

Rett til barnehageplass tredde i kraft frå 1. januar 2009. Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt barnehageplass, og som søker til samordna opptak, har rett til barnehageplass i barnehage frå august det året det vert søkt. Det er kommunens sitt ansvar å oppfylle retten til barnehageplass. Kommunen må i dimensjoneringa av behovet for tal på barnehageplassar ta omsyn til barnehagen sine vedtekter, tilflytting, brukarane sine ønskjer og behov og behovet for plassar for barn over og under tre år.

Framskrivning av folkemengde, SSB	Barn 0-5 år
2010	139
2015	148
2025	150
2035	162

Midsund kommune har i dag 143 plassar. 26 barn frå barnehagane skal begynne på skulen i 2012. Det er i Midsund kommune ingen statistikk som viser fødselstal, folketalssvekst eller tilflytting i 2011 enno, men om lag 20 barn er født i Midsund kommune i 2011.

	Kapasitet 01.01.2012	Bruk 01.01.2012	Kapasitet v/nedlegging av NH bhg	Utnyttning av areal ved G+M bhg
Midsund kommune totalt	167 pl	143 pl	149 pl	161 pl
Nord-Heggdal	18 pl	12 pl	0 pl	0 pl
Gjerdet	90 pl	72 pl	90 pl	96 pl (+)
Midsund	54 pl	54 pl	54 pl	60 pl
Anitas	5 pl	5 pl	5 pl	5 pl

Brukarane i dag er 4 familiar frå nærmiljøet rundt Nord-Heggdal bhg. Den er per i dag ein barnehage for nærmiljøet og er såleis viktig for bygda. Tidlegare har barnehagen hatt ein del føresette frå heile kommunen som har pendla. Tal frå SSB i 2010 viser at 266 personar pendlar ut frå Midsund kommune. I dag har alle dei kommunale barnehagane brukarar i kategorien pendlarar.

Dersom Nord-Heggdal bhg vert nedlagt, får barna og personalet tilbod om å begynne i Gjerdet bhg. Gjerdet bhg vert såleis auka til 84 plassar. Overføringa av barn og personale kan tidlegast skje 1. mars 2012. Både Nord-Heggdal og Gjerdet bhg må gjerast klar for overflytting og barn, personal og føresette skal førebuast til ny verksemd.

Vurdering:

Rådmannen vel å kommentere kvar enkelt innkomen merknad/høyringsuttale.

1. Utdanningsforbundet i Midsund

Merknaden gjeld pkt. 7 i høyringsnotatet og dei fokuserer spesielt på langsiktig tenking og planlegging. Det vert uttrykt ei viss uro for kommunen sitt tal på barnehageplassar ved tilflytting/folketalsvekst.

Vurdering: Gjerdet bhg og Midsund bhg har ledig areal som stettar arealkravet, jfr kommunen sine vedtekter. Skal dette arealet nyttast, må ein auke bemanninga. Dette vil vere tilfelle om ein aukar opp talet på plassar i Nord-Heggdal barnehage og. Rådmannen meiner ein har nødvendig buffer i forhold til talet på barnehageplassar.

2. Samarbeidsutvalet i Midsund barnehage

Samarbeidsutvalet har ikkje konkrete spørsmål eller merknader å kome med.

3. Samarbeidsutvalet ved Nord-Heggdal barnehage

Merknaden er omfattande og kommenterer dei fleste punkta i høyringsnotatet.

Innleiingsvis vert det vist til tidlegare spørsmål og utgreiingar om barnehagen si framtid og at det er uheldig og lite gunstig at spørsmålet dukkar oppatt og oppatt. Vidare vert det reist spørsmål med om det er rett å vektleggje søkjartala.

Vurdering: Rådmannen har forståing for at spørsmål om nedlegging reist gong på gong, kan vere uheldig. Søkjartala syner ein klar tendens og det vil vere uansvarleg å ikkje vektleggje det faktum.

Pkt. 2 Utvikling av barnehagesektoren

Merknaden vektlegg og påpeikar at Gjerdet vart bygd med 5 avdelingar, 90 plassar og at kommunestyret påpeikte at den 5. avdelinga skulle stå som reservelokale.

Vurdering: Rådmannen tek utgangspunkt i vedtaket fatta av kommunestyre den 15. desember 2011 og legg til grunn at kommunen tek i bruk den 5. avdelinga når dei bestemmer det.

Pkt.3 Dagens barnehagesituasjon i Midsund kommune.

Merknaden baserer seg på tolking av statistikk og rådmannen vel å ikkje kommentere dette punktet.

Pkt. 4 Budsjett:

Her blir det reist spørsmål ved tala og budsjettet som ligg i høyringsnotatet.

Vurdering. Driftsmessig vil ei overflytting medføre sparte administrasjonskostnader tilsvarande 20 % stilling, vil dette utgjere 120.000 kroner.

Reinhold m.m:

Opning av 5. avdeling vil ikkje føre til så mykje ekstra areal til reinhold. Likeins kan ein pårekne litt meir effektivt og rasjonelt reinhold. Ein legg til grunn ei innsparing på kroner 100.000 på reinhold. Ein vil også spare noko på straumutgiftene. Rådmannen legg til grunn og held fast på at samla innsparingspotensiale ligg på rundt 300.000 pr. år.

Pkt.5 Teknisk vurdering av bygget

Beskriving av uteområde, samt opplysning om at bygdefolket har brukt huset som forsamlingshus basert på ein munnleg avtale. Vidare vert det vist til ein faktafeil i høyringsnotatet.

Vurdering: Administrasjonen har ikkje funne avtale som regulerer bygdefolket sin bruk av huset. Rådmannen rekna med at det her var gjort munnleg avtale og har ikkje problematisert dette punktet. Varmepumpa er plassert i barnehageavdelinga – noko som både er logisk og naturleg. Rådmannen har vanskar med å forstå siste avsnitt under dette punktet. I høyringsnotatet pkt. 5 står det : ” Basert på synfaringa 04.01.12 ser ein ikkje behov for dei store påkostnadene dei første åra.” Konklusjonen er at bygget ikkje treng dei store vedlikehaldskostnadene dei første åra.

Pkt. 6. Kvalitet, kompetanse m.v

Her vert det påpeika at Nord- Heggdal bhg har hatt stabilitet på personalsida. Vidare vert det vist til at barnehagen har bra uteområde med gode mulegheiter til turar og opplevingar.

Vurdering :Når det gjeld utfordring med å skaffe pedagogisk kompetanse så er det ei utfordring for svært mange kommunar. Slik rådmannen ser kan det vere vanskelegare å skaffe pedagogisk kompetanse til små barnehagar enn til større barnehagar. Mange ønskjer å jobbe i litt større fagmiljø.

Pkt. 7. Framtidsprognose

Kommentarane går på prognosane for barnetal og om kva som er fornuftig og lurt å gjere. I siste avsnitt står: ” Å legge ned Nord- Heggdal sine 12 plassar for å fylle 18 plassar på Gjerdet gir i alle fall ikkje store innsparingar i økonomisk forstand.”

Vurdering: Legg ein ned Nord-Heggdal bhg og flyttar barna over til Gjerdet bhg opnar ein den 5. avdeling med 12 plassar. Innsparingspotensiale er beskrive ovanfor.

Pkt. 8 Oppsummering

Her blir påpeikt at nedlegging vil vere negativt for kommunen og at det gir negative signal i forhold til nyetableringar på innsida av Otrøya, med eventuell flytting som konsekvens, Synspunkt på bygging av ny barnehage og spørsmål om kommunen kan utvikle ein ansleis barnehage.

Vurdering: Rådmannen ser og at det kan med føre til negative konsekvensar å legge ned barnehagen i Nord-Heggdal, men utifrå ei total vurdering kan ein ikkje sjå vekk ifrå ei innsparing på 300.000 kroner. Gjer ein det – blir spørsmålet kvar desse midlane skal hentast.

Merknad 4 frå Samarbeidsutvalet ved Gjerdet barnehage.

Merknaden tek utgangspunkt i kommunens økonomiske utføre. Vidare peikar dei på pedagogiske argument som talar for større einingar; små barnehagar meir sårbar, fordel med aldersdelte grupper m.m. Vidare peikar dei på det faktum at Nord- Heggdal bhg manglar søkjarar. Ved eventuell nedlegging og overflytting, må ein ha tid til å førebu og gjennomføre flyttinga. Vurdering: Merknaden tek utgangspunkt i kommunens vanskelege økonomi og vidare vert det reist spørsmål og synspunkt av pedagogisk karakter.

Oppsummering:

Opp igjennom åra har det vore argumentert med at Nord- Heggdal barnehage ligg strategisk plassert i forhold til dei som pendlar til Molde og som kan levere/hente borna på barnehage på veg til/frå jobb. Statistikken over kvar folk primært søker barnehageplass styrkjer ikkje dette argumentet. Her er det ein klar tendens mot at folk søker dei sentrumsnære barnehagane.

I fleire år har det vore sviktande søkjargrunn til Nord-Heggdal bhg. Ved årsskiftet er alle 6 barna heimehøyrande i nærområdet. Talet på tilsette er 2.4 årsverk. Bygget er frå 1958 og er med omsyn til alderen i relativt god stand.

Barnehagen har vore viktig for bygdefolket og rådmannen har ikkje vanskar med å sjå at dette kan verte eit "tap" for bygda. Bygdefolket har stilt opp på dugnader m.m. Men bygda si framtid står og fell ikkje med om her er barnehage eller ikkje. Fleire andre bygdelag i kommunen står seg godt utan barnehage.

Mellom anna som følgje av stor satsing på barnehageutbygging, jfr barnehageforliket i Stortinget, opplever kommunane mangel på førskulelærarkompetanse. Dette er ei utfordring for Midsund kommune og for Nord-Heggdal bhg. Rådmannen er av den oppfatning at det vil vere lettare å skaffe førskulelærarar til større einingar der ein har eit større pedagogisk miljø. Større einingar vil og vere meir robust i forhold til sjukdom/permisjonar og andre svingningar.

Dersom ein legg ned Nord-Heggdal bhg, må den 5. avdelinga – 12 plassar - ved Gjerdet bhg opnast og barna må få tilbod om plass der. Dei tilsette vil få tilbod om jobb, anten i Gjerdet bhg eller Midsund bhg. Overflytting av barn og personale får og konsekvensar for dei andre barnehagane.

I midsundsk samanheng framstår Gjerdet bhg som ein stor barnehage. Etter kva rådmannen har fått tilbakemelding om, gjer utforminga av bygget og uteområdet det slik at det ikkje opplevast slik. Gjerdet bhg er vel heller ikkje å rekne som ein stor barnehage i nasjonal målestokk. Ein reknar med at barna frå Nord-Heggdal bhg vil oppleve eit trygt og godt miljø der og.

Kor mange barnehageplassar treng vi?

Anitas familiebarnehage (5 plassar – tilbod til 6 barn) har vore eit godt supplement til dei kommunale barnehagane i mange år. Vert denne nedlagd vil og det auke behovet for kommunale plassar. Overfører ein barna frå Nord-Heggdal (12 plassar) har ein høve til ytterlegare utviding – ta i bruk dei siste 6 plassane ved Gjerdet bhg.

Det er vanskeleg å seie noko om barnetal og folketalsutvikling. Det har kome optimistiske og positive signal frå bedrifter som har planar om utviding av aktiviteten. Eit av tiltaka som

kommunen kan bidra med er god tilgang på barnehageplassar. Som det går fram av høyringsnotatet, kan talet på plassar utvidast med 6 plassar kvar på Gjerdet bhg og Midsund bhg. Kommunen har slik sett ein buffer i forhold til barnehageplassar.

Driftsmessige konsekvensar:

Overflytting til Gjerdet vil føre til innsparing på 20 % administrasjonsressurs, noko som utgjer om lag 120.000 kroner. Lønnsutgifter elles og andre driftsutgifter vert dei same.

Opning av 5.avdeling ved Gjerdet bhg vil ikkje føre til så mykje meir utviding av dagens vaskeareal og ein vil her få eit meir effektivt og rasjonelt reinhald. Dette gjer at ein kan redusere reinhaldsutgiftene i forhold til Nord-Heggdal med om lag 100.000 kroner. Vidare vil ein få reduserte straumutgifter. Sel ein bygget vil innsparinga bli noko større. Samla årleg innsparing utgjer kr 300.000. Vel ein å selje bygget kan ein rekne med litt høgare sum – 50.000 kroner.

Med kommunen sine økonomiske utfordringar som bakteppe og utifrå ei totalvurdering vil rådmannen rå til at Nord-Heggdal bhg vert nedlagd. Barna får tilbod om plass i Gjerdet bhg og dei tilsette får tilbod om arbeide i ein av dei andre kommunale barnehagane. For at ein kan få ut dei økonomiske gevinstane snarast råd, ber ein om at dette vert gjennomført så snart som det er muleg, seinast 01.04.2012. Rådmannen vil og råde til at bygget vert seld.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Nedlegginga vil gi driftsmessig innsparing på 120.000 kroner. I tillegg kjem innsparingane på teknisk sine ansvar slik at ein får ei samla innsparing på 300.000 kroner. Administrativt vert eininga /ansvar Nord-Heggdal barnehage nedlagd.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta): Høyringsnotat
Uttale frå Utdanningsforbundet.
Uttale frå samarbeidsutvala ved Gjerdet barnehage, Midsund barnehage og Nord-Heggdal barnehage

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: